

Forskingsrådets strategi



Innhold

Høg kvalitet og tilgjengelegheit i forskning 08

Miljømessig, sosial og økonomisk berekraft 10


Styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne 13

Velfungerande forskningssystem 16

God rådgiving 19


Utvikling av verksemda 21

Idékraft verda treng



Noreg har eitt sterkt, kompetent og uavhengig forskingsråd. Forskingsrådet arbeider for eit samfunn der forskning blir skapt, brukt, utfordra, verdsett og delt gjennom effektive og heilskaplege verkemiddel for forskning og forskningsdriven innovasjon. Vi er med på å auke kvaliteten på forskinga gjennom våre eigne og internasjonale konkurransearenaer. Vi gir uavhengige råd om forskings- og innovasjonspolitikken og vi bidreg til at kunnskap blir teken i bruk for å løyse dei store samfunnsutfordringane.

Det som gir rammene for verksemda vår og som også ligg til grunn for strategien, er langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, vedtektene våre og regjeringa sine mål for oss. Saman med langtidsplanen, har strategien vår eit langsiktig perspektiv i dei overordna linjene. Dei meir konkrete prioriteringane våre vil vi rullere i takt med endringsbehova.



Strategien i Forskringsrådets styringssystem

Vi skal i samarbeid med sektoren sikre fundamentet – den grunnleggjande forskinga

Forskingsrådet spelar ei viktig rolle for at den viktigaste ressursen i forskingssystemet – forskarane sjølv – skal kunne utvikle ideane og ambisjonane sine og skaffe ny kunnskap til forskingsmiljøa sine. Forsking av høg kvalitet styrkjer Noregs kunnskaps- og kompetanseberedskap og flyttar grensene for kva vi veit, forstår og kan få til. Forsking gir oss innsikt og forståing, er ein grunnleggjande del av den kulturelle utviklinga i samfunnet og bidreg med kunnskap til ein meir opplyst samfunnsdebatt. Mangfald i forskning og blant forskarar bidreg til meir breidde i perspektiva og til auka innovasjon.

Langtidsperspektiv og stabilitet i forskingssystemet er viktig for å utvikle den kunnskapen samfunnet treng. Senterordningar og satsing på forskingsinfrastruktur bidreg til dette, noko som igjen er med på å strukturere det norske forskingssystemet. Vi fremjar kunnskap på alle samfunnsområde ved å leggje til rette for at Noreg har gode forskings- og utviklingsmiljø som kan arbeide langsiktig og respondere raskt på nye utfordringar.

Vi skal bidra til forskingsbasert kunnskap som er nødvendig for å møte dei store utfordringane

Forskning har ført til store framsteg og vore med på å løyse mange av dei problema samfunnet har stått overfor. Nye løysingar som kjem fram gjennom forskning kan skape eit betre liv for alle. Vår tid er likevel prega av klima- og naturkriser, internasjonale konflikhtar, migrasjon og store demografiske og økonomiske endringar som truar berekrafta til velferdssamfunnet. Dette truar også oppslutninga om dei demokratiske institusjonane.

Forskning for nasjonal tryggleik og beredskap er nødvendig for å redusere sårbarheita i samfunnet. Det er nødvendig å styrkje forskning i heile breidda, frå den nasjonale beredskapen til ansvarsområda til sektorstyresmaktene. Forskning er også viktig for å redusere konflikt og uvisse. Fleire teknologiar og fagområde har breie bruksområde. Det er nødvendig å etablere nye løysingar som fremjer samarbeid mellom militære og sivile forskings- og innovasjonsmiljø og som varetek openheit og behovet for skjerma informasjon.

Evna velferdssamfunnet har til å gi tenester og tryggleik til alle, er under press. Forsking og innovasjon for betre folkehelse og levekår i møtet med dei demografiske endringane, er avgjerande. Velferda vår blir sikra gjennom omstilling og verdiskaping. Det grøne og digitale skiftet vil krevje nye løysingar både i offentleg sektor og i næringslivet. Vi har behov for kompetent og nok arbeidskraft. Vi skal bidra til eit kompetanseløft for å møte utfordringane samfunnet står overfor gjennom verkemidla våre. Vi skal vere med på å sikre eit arbeidsliv som er inkluderande og kompetent, ein offentleg sektor som leverer gode og effektive tenester og eit næringsliv som er internasjonalt konkurransedyktig.

Vi skal bidra til at næringslivet og offentleg sektor i heile landet har ordningar som fremjer omstilling. Dei mogleggjerande teknologiane smeltar saman og gir nye moglegheiter, med digitalisering som ei sentral drivkraft. Meistring, ansvarleg bruk og utvikling av teknologiar er avgjerande for deltaking, verdiskaping, konkurranseevne og velferd. Ei vellykka grøn omstilling kjem som resultat av rettferdig og inkluderande digital omstilling. Forskingsrådet skal bidra til meir innsikt i korleis denne omstillinga påverkar korleis vi lever, jobbar og samhandlar.

Vi skal styrkje samarbeid nasjonalt og internasjonalt

Eit stadig større behov for å sjå kunnskap og teknologi frå ulike område i samheng krev godt samspel, koordinert innsats og omfattande samarbeid på tvers av fag-, sektor-, aktør- og landegrenser. Forskingsrådet vil i samarbeid med andre aktørar i forskings- og innovasjonssystemet bidra til å utvikle samfunnet i takt med eit dette. Globale og nasjonale samfunnsutfordringar gjer at vi treng store omstillingar, heilt nye grep og nye partnerskap. Dette gir oss igjen nye moglegheiter for nytenking der forskning er heilt sentralt.

Internasjonalt forskingssamarbeid koplur verda saman i ei tid der internasjonalt samarbeid på mange felt blir svekt. Det er derfor viktigare enn nokon gong å vareta eit ansvarleg internasjonalt samarbeid og openheit i forskning, samtidig som vi varetek behovet for å skjerme forskning og forskingsresultat på utvalde fag- og teknologiområde.

Vi skal bidra til ein kunnskapsbasert forskingspolitikk

I tillegg til å realisere den overordna forskingspolitikken til regjeringa, er vi deira viktigaste rådgivar på forskning og forskingspolitikk. Vi skal utvikle den uavhengige kunnskapsbaserte rådgivinga til forskingspolitiske styresmakter knytt til heile breidda i forskings- og innovasjonssystemet. Vi gir råd til departementa knytte til løyvingane frå dei og til våre eigne investeringar. Den forskingspolitiske rådgivinga vår skal byggje på solid kunnskap som har bakgrunn i dialog med aktørane i forskings- og innovasjonssystemet.

Vi vil leggje til rette for at forskingsorganisasjonane, næringslivet og dei offentlege verksemdene, i tillegg til aktørar i sivilsamfunnet, samarbeider

godt både når dei forskar og når dei skal ta forskingsresultata i bruk. Dette gjer vi mellom anna når vi skaper nye og utviklar etablerte møteplassar for forskarar og dei som skal ta forskinga i bruk.

Under ser du dei viktigaste endringane og prioriteringane Forskringsrådet skal arbeide med framover, sorterte på seks målområde. Målområda viser kor det er særleg viktig for oss å få til ei endring. Prioriteringane er dei viktigaste grepa vi skal gjere for å få til endringane, men dei dekkjer likevel ikkje alt vi jobbar med og har ansvaret for.



Visjonen vår, verdiar og målområde

Målområde:

Høg kvalitet og tilgjengelegheit
i forskning



Forskringsrådet bidreg til fleire verdslaiande fagmiljø



Forskringsrådet skal vere med på å identifisere og byggje opp norske verdslaiande fagmiljø innanfor grunnleggjande forskning, anvend forskning og forskingsbasert innovasjon.

Forskning av høg kvalitet flyttar kunnskapsfronten og fører til utvikling av forskingsområda som anna forskning kan byggje vidare på. Forskning av høg kvalitet fungerer også som beredskap for å møte ukjende og nye samfunnsutfordringar. Vi vil bidra til høg kvalitet på forskinga nasjonalt gjennom verkemiddel som styrkjer framifrå fagmiljø og fremjer internasjonalt forskingssamarbeid. Vi skal arbeide for å få opp tilslagsprosenten for norske forskarar på dei europeiske konkurransearenaene som fremjer høg vitenskapleg kvalitet innanfor Horisont Europa.

Vi utviklar verkemiddel for forskning av høg kvalitet innanfor og på tvers av fagområde. Konkurransearenaene våre skal sikre høg kvalitet i forskinga og ha høg legitimitet. Vi krev også høg etisk standard i prosjekta som får finansiering frå oss. Vi gir unge lovande forskarar høve til å utvikle eigne forskingsidear og karrierar. På

nokre kritiske samfunnsområde er det ikkje forskning med høg nok kvalitet per i dag, heller ikkje tilstrekkeleg kapasitet i forskingssystemet. Det er viktig å identifisere desse svakheitene og setje i verk tiltak for styrke både kvaliteten og kapasiteten. Det er også behov for å stimulere til samarbeid for å sikre at forskinga blir teken i bruk.

Prioriteringar:

- Vi løftar kvaliteten på norsk forskning gjennom dei nasjonale konkurransearenaene våre og stimulerer til auka suksess på internasjonale konkurransearenaer.
- Vi fremjer nyskapande forskingsidear, nye verdslaiande fagmiljø og løftar fram lovande forskarar.
- Vi bidreg til at ny kunnskap blir delt og til at funna og resultatata av forskinga blir teken i bruk.

Målområde:

Miljømessig, sosial og økonomisk berekraft



Forskringsrådet får fram forskning og forskingsbasert innovasjon som gir oss nye svar på korleis samfunnsutfordringane kan løysast og på korleis eksisterande kunnskap kan takast raskare i bruk

Berekraftig samfunnsutvikling handlar om å møte vår tids behov for rettferdig og ansvarleg utvikling innanfor tålegrensa til naturen, å sikre like moglegheiter for god helse og livskvalitet og å halde oppe eit inkluderande velferdssamfunn. Det trengst nye løysingar for raskt å redusere utslepp og for å sikre ei berekraftig natur- og arealforvaltning på land og til havs. Vi treng nye samarbeidsformer på tvers av sektorane for å redusere ulikskap, motverke utanforskap og halde oppe tilliten til demokratiske institusjonar. Berekraftsutfordringane heng tett saman. Utfordringane knytte til miljømessig, økonomisk og sosial berekraft er globale, men det er store forskjellar mellom land i kva moglegheiter dei har for å løyse utfordringane og kor langt dei alt har komme.

Vi skal få fram kunnskap om moglegheiter, utfordringar og dilemma rundt dette, inkludert kunnskap om korleis ein faktisk klarer å gjennomføre ei reell omstilling av samfunnet. Ei slik omstilling må vere rettferdig og vere både lokal og global. Ho må også gå i ei retning som gir betre miljø, helse og livskvalitet. Samtidig er det viktig at naturmangfaldet og tradisjonell kunnskap på feltet blir varetaken slik at allereie eksisterande næringar også kan utviklast.

Vi har også ei rolle i å sjå korleis forskning fungerer saman med andre verkemiddel. For å utvikle dei beste løysingane, må vi kombinere forskingsbasert kunnskap med breidda av

erfaringsbasert kunnskap frå næringslivet, offentleg og sivil sektor og samfunnet elles. Vi skal arbeide for at ny kunnskap i større grad, og raskare, blir teken i bruk i politiske avgjerdsprosessar, i offentleg forvaltning, i tenesteyting og i samfunn og næringsliv.

Vi må vidareutvikle og eksperimentere med verktøya og verkemidla våre slik at dei legg til rette for samarbeid mellom land, disiplinær, sektorar og finansieringskjelder. Vi må også balansere mellom behovet for langtidsperspektiv og behovet for høg endringstakt.

Prioriteringar:

- Vi fremjer fag- og sektor-overgripande forskings- og innovasjonsprosessar som løyser samfunnsutfordringar og tek kunnskap raskare i bruk.
- Vi arbeider målretta for å stimulere til og leggje til rette for kunnskap som samfunnet treng innanfor dei tematiske prioriteringane i langtidsplanen.
- Vi styrkjer internasjonalt forskningssamarbeid for å løyse felles utfordringar knytt til berekraft og menneskerettar, og vi bidreg til høge etiske standardar.




Foto: Anne Valeur


Foto: Jonas Bendiksen

Målområde:

Styrkt konkurransekraft og
innovasjonsevne



Forskringsrådet får fram meir verdiskaping gjennom å auke forskings- og utviklingskapasiteten i næringsliv og offentleg sektor



Styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne gjennom forskning er viktig for å løyse store samfunnsutfordringar og for å utvikle fleire verdiskapande og berekraftige næringar. Innovasjonssystemet i offentleg sektor må utviklast. Samspelet med forskning og næringsliv om nye løysingar blir styrkte. Skal vi lykkast med verdiskaping og den grøne og digitale omstillinga, må kunnskap delast og takast i bruk i næringsliv og offentleg sektor i heile landet. Det norske forskingssystemet må vere ein sterk pådrivar for

omstilling og ny næringsutvikling, tilpassa regionale og nasjonale behov – også for at norsk næringsliv skal hevde seg på internasjonale marknader. Både etablert og nytt næringsliv og offentleg sektor har gode moglegheiter til å skape verdiar gjennom kunstig intelligens og digitale teknologiar. Dei bør også kunne utvikle internasjonalt konkurransesterke produkt og tenester. Dette krev at både kvalitet og kapasitet blir styrkt gjennom langsiktig forskingsinnsats, spesielt innanfor dei fagområda som er i rask teknologisk utvikling.



Høgt tempo i utviklinga av teknologiar og stor dynamikk i bruksområde og marknader gjer at verkemidla våre må vere fleksible. Vi må tildele midlar oftare. Vi må leggje til rette for betre samspel for kunnskaps- og kompetansedeling, nasjonalt og internasjonalt. Regjeringas ambisjon om auka innsats av forskning og utvikling i næringslivet, krev gode rammevilkår for næringsutvikling. Det krev innovative partnerskapar og nye kunnskapsbaserte næringar og vekstbedrifter. I tillegg krev det vidareutvikling av det etablerte næringslivet. Forskingsrådet vil leggje til rette for mobilitet og til at forskingsorganisasjonane bidreg meir til innovasjon og nyskaping i breidda av fag og disiplinlar.

Verkemidla våre må vere tilgjengelege og brukarvennlege. Verkemiddelapparatet (dei offentlege aktørane som gir støtte til forskning og innovasjon) skal mobilisere nye aktørar og kople verdikjeder og sektorar saman. Vi har behov for meir forskning og forskingsbasert innovasjon i breidda av offentleg sektor slik at sektoren kan levere gode, effektive tenester i heile landet. Offentleg innkjøpskraft må i større grad vere innretta slik at ho styrkjer samspel og innovasjonsevne i privat og offentleg sektor.

Prioriteringar:

- Vi bidreg til ein innovativ offentleg sektor med raskare endringstakt.
- Vi rettar forskning og utvikling inn mot verdiskaping, berekraftig omstilling og effektive tenester i heile landet gjennom løpande og fleksible ordningar for næringsliv, offentleg sektor og forskingsorganisasjonar.
- Vi styrkjer innsatsen på forskning og forskingsbasert innovasjon innanfor kunstig intelligens og digitale teknologiar, og vi styrkjer kunnskapen om bruk og samfunnskonsekvensar av desse.

Målområde: Velfungarende forskningssystem



Forskringsrådet bidreg til godt samspel i forskingssystemet




Eit velfungerande forskingssystem er ein grunnleggjande føresetnad for god forsking og for å nå måla i forskingspolitikken. Forskringsrådet skal leggje til rette for at forskingsressursar og -resultat blir brukte på best mogleg måte, til forskarrekruttering til alle sektorane i samfunnet og til gode og attraktive forskarkarrierar. Vi skal skape meirverdi for forsking i heile landet. Vi støttar opp under forsking på samisk samfunn og kultur, inkludert tradisjonell og erfaringsbasert kunnskap.

Vi skal vidareutvikle samarbeidet vårt med andre aktørar. Vi skal bidra til nye samarbeidsformer som fører til betre samspel mellom forsking, utdanning og innovasjon, mellom nasjonalt og internasjonalt forskingssystem og mellom offentlig og privat finansiering. Vi vil også bidra til utvikling av betre samspel i heile forskingssektoren slik at fortrinna til sektoren blir utnytta så godt som mogleg.

EUs rammeprogram for forsking og innovasjon er den største forskingssatsinga i verda. Her deltek Noreg aktivt. Å få til eit godt samspel mellom rammeprogrammet og dei nasjonale verkemidla har derfor høgaste prioritet.

Det er også viktig å styrkje samarbeidet utanfor Europa. Regjeringa har spesielt peika på Panoramalanda som viktige samarbeidspartnarar. Det er behov for å styrkje samarbeidet med dei nordiske landa og regionane i vekst, som til dømes det afrikanske kontinentet. Her vil det opne seg moglegheiter for forskingssamarbeid på høgt nivå og kommersielle moglegheiter for norsk næringsliv. Ambisjonen vår er å framleis auke samarbeidet med dei beste forskingsnasjonane, og vi vil gjere dette innanfor prinsippet om at forskingssamarbeidet skal vere så ope som mogleg og så sikkert som nødvendig.



Avansert forskingsinfrastruktur er ei drivkraft i eit velfungerande forskingssystem og ein føresetnad for forsking av høgaste kvalitet. God infrastruktur gir moglegheiter for styrkt samarbeid mellom forskingsaktørane, næringslivet og samfunnet. Forskningsrådet skal derfor arbeide for ei prioritering av forskingsinfrastruktur og for deling og tilgjengeleggjering av data. Dette gjer vi ved å investere i nasjonal forskingsinfrastruktur og norsk deltaking i internasjonale infrastruktursamarbeid som støttar opp under norske prioriteringar.

Open forsking handlar både om deling av forskingsresultat og -data. Det gjer også at det blir lettare å involvere brukarar i forsking og det kan gjere forsking meir tilgjengeleg for aktørar som står utanfor dei etablerte forskingsinstitusjonane.

Prioriteringar:

- Vi bidreg til å utvikle eit velfungerande forskingssystem som har høg kvalitet på forskinga si og som kan møte behovet for omstilling i samfunnet.
- Vi arbeider for at det norske forskingssystemet skal ha tilgang til topp moderne forskingsinfrastruktur.
- Vi styrkjer arbeidet vårt med internasjonalisering av forsking ved å bidra til eit godt samspel mellom det nasjonale og det internasjonale forskingssystemet.
- Vi vil følgje opp Stortinget og Sametinget si behandling av rapporten frå sannings- og forsoningskommisjonen.

Målområde:
God rådgiving



Forskringsrådet set dagsorden som uavhengig og kunnskapsbasert rådgivar



Forskringsrådet har ein ambisjon om å setje dagsorden ettersom vi er ein uavhengig, forskingspolitisk rådgivar for regjeringa, Stortinget, Sametinget, forskings- og innovasjonsaktørane og internasjonale samarbeidspartnarar. Vi vil vidareutvikle dialogrolla og lytte til omverda når vi gir råd. Rådgivinga vår skal skape forståing for at bruk av forskning er nødvendig og ho skal vere med på å halde oppe høg tillit til forskning. Vi må derfor i større grad gjere resultata frå forskinga synleg, inkludert å fremje norskspråkleg formidling. Vi skal også jobbe for meir merksemd om kva rolle forskning har i samfunnet.


Vi må ha eit solid kunnskapsgrunnlag for dei forskingspolitiske råda. Vi vil vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget for rådgivinga vår, mellom anna gjennom å involvere forskingsmiljøa og gjennom å bruke den fagkompetansen som finst i porteføljestyra våre best mogleg.

Vi skal arbeide for at rådgivinga fører til betre koordinering og samspel i heile forskingssystemet og i det sektorovergripande arbeidet. Gjennom rådgivinga vår bidreg vi til at Kunnskapsdepartementet har eit godt grunnlag for å utøve den koordinerande rolla si i forskingspolitikken. Vi skal ta initiativ til, og støtte opp om, satsingar som involverer fleire departement.

Prioriteringar:

- Vi er med på å setje dagsorden for den forskings- og innovasjonspolitiske diskusjonen i samspel med relevante aktørar.
- Vi styrkjer og synleggjer kunnskapsgrunnlaget for rådgivinga.
- Vi bidreg med meirverdi til dei sektorpolitiske og tverrsektorielle satsingane frå departementa.

Målområde:
Utvikling av verksemda



Vi skal vere eit kompetent og effektivt forskingsråd

Forskringsrådet skal også i framtida vere ein attraktiv arbeidsplass. Vi står overfor omfattande endringar som påverkar korleis vi arbeider, kven som arbeider med kva og kva kompetanse som trengst. Raskare endringar vil påverke oss. Vi må utvikle oss heile tida for å vere ein relevant aktør, samtidig som vi held oppe eit godt arbeidsmiljø og inkluderer perspektivet til dei tilsette i endringsprosessane våre.

Vi skal svare på behova frå oppdragsgivarar og brukarar gjennom brukarvennlege tenester. Vi skal mellom anna inkludere aktørane i forskings- og innovasjonssystemet i utviklinga av tenestene våre. Vi vil bli meir brukarvennlege, det vil seie at vi møter forventningane til brukarane om tilpassa og samanhengande tenester som passar

utfordringane og behova deira. Vi vil vareta behovet for gode brukarløysingar og stabilitet over tid, samtidig som vi eksperimenterer og set i verk nye ordningar på ein effektiv måte. Vi skal vurdere alternative finansieringsformer for forskning og utvikling og samfinansiering med andre aktørar.

Digitalisering og forenkling av arbeidsprosessar er krav for at vi kan få brukt offentlege midlar så effektivt som mogleg. Vi vil bruke ny teknologi der det er forventa av både brukarar og eigne tilsette. For å vere ei verksemd som brukar innsikta godt, må vi bruke informasjonen vi alt har og få tilgang på ny informasjon på ein betre måte enn i dag. Kompetansen vår blir tilpassa framtida og vi må sikre oss relevant kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet også i ein stram arbeidsmarknad.

Prioriteringar:

- Vi har ei systematisk tilnærming til verkemiddelutvikling og eksperimentering for å tilby treffsikre ordningar.
- Vi foreklar og digitaliserer tenestene og arbeidsprosessane våre enno betre enn i dag gjennom god og integrert bruk av data, analyse og kunstig intelligens.
- Vi jobbar systematisk for å ha relevant kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet for framtidige utfordringar og moglegheiter.
- Vi legg til rette for trivsel og engasjement i jobben gjennom gode arbeidsprosessar, meistring, utviklingsmoglegheiter og inkluderande sosiale og faglege arenaer.



Noregs forskingsråd

Besøksadresse: Drammensveien 288
Postboks 564
1327 Lysaker

Telefon: 22 03 70 00
Telefaks: 22 03 70 01

post@forskningsradet.no
www.forskningsradet.no

Publikasjonen kan lastes ned fra
www.forskningsradet.no/publikasjoner

Design: BOLDT
Foto/ill. omslagsside: CATK

ISBN 978-82-12-04120-2 (PDF) – Forskningsrådets strategi

